


Bygnings- og bumiljøprisen 2016



Bygnings- og bumiljøprisen vert delt ut for 9. gong i oktober 2016.

Prisen vert delt ut av:
**Nordhordland Rotaryklubb,
 Nordhordland Handverk- og Industriag,
 Region Nordhordland, Bondelaga i
 Nordhordland og Avisa Strilen**

Prisen vert gjeven til einiskildpersonar, grupper, organisasjonar, verksemdar eller kommunar som gjennom praktisk handling har medverka til betre byggeskikk og bumiljø i Nordhordland.

Vedtøktene

1. Bygnings- og bumiljøprisen er sett opp av Nordhordland Rotaryklubb, Nordhordland Handverk- og industriag, Bondelaga i Nordhordland, Region Nordhordland og Strilen.
2. Prisen vert gjeven til einiskildpersonar, grupper, organisasjonar, verksemdar eller kommunar i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Radøy, Modalen og Gulen.)
3. Føremålet med prisen er å stimulera lokale bygningsstraksjonar, vidareutvikla desse og skapa gode bygnings- og bumiljø som er landskaps- og miljøtilpassa. Vidare er den meint å hjelpa til med å utvikla tekstadane og sentra til harmoniske handle- og møteplassar, og gjennom god byggeskikk få til verdiskaping, nye arbeidsplassar og tilsel i regionen. Prisen vert gjeven etter ei samla vurdering.
4. Prisen er kunstverk med inskripsjon og diplom.
5. Juryn er sammsett av representantar frå Nordhordland Rotaryklubb, Nordhordland Handverk og Industriag, Bondelaga i Nordhordland, Region Nordhordland og Strilen. Juryn kan sjølv velja ein medlem frå velforening, senterforening eller bygdslag.

Det kan vera restaurering av bygg, nybygg eller utanomhusanlegg, t.d. bustadhus, garasje, naust, driftsbygning, industribygg, forretningssbygg, grupper av bygg, offentlege bygg eller bustadområde.

Energiøkonomisering, farge- og lyssetting, skitting, hage- og grøntanlegg krytt til ytre bygningsmiljø er faktorer juryn vil leggja vekt på i si vurdering. Det same gjeld materialval og produktutvikling.

Ikke noko anlegg er for lite eller stort til å verta føreslege som vinnar av prisen. Det er heilskapen som er avgjerande.

Prisen kan og gå til veganlegg i privat eller offentleg regi.

Lesarane, lag og organisasjonar, verksemdar og kommunar vert med dette inviterte til å koma med framlegg til kandidatar til denne spesielle prisen.

Send gjerne ein e-post til: stig@strilen.no eller send inn kupongen under.

Mitt framlegg

Underteikna gjer framlegg om:

som kandidat til prisen "Årets bygnings- og bumiljø i Nordhordland 2016".

Grunngjeving:

Innsendt av:

Framlegget vert å senda til:

STRILEN
 Kvasnesvegen 23
 5914 Isdalstø
**innan mandag
 19. september 2016**

Merk konvoluttten:
 "Bygnings- og bumiljøprisen 2016.

Strilen

